


Arbeidsdepartementet

Postboks 8019 Dep.
0030 OSLO



Vår saksbehandler:
Jon Olav Bjergene

Kopi til

Vår dato
08.12.2010

Vår referanse
2005/00071

Deres referanse
200900242-/AVDH

Høyrings svar - vikarbyrådirektivet

Vi viser til brev av 10. september 2010 frå Arbeidsdepartementet til Unio og gir følgjande kommentarar.

Hovudsynspunkt

Vikarbyrådirektivet har fleire formål. Dei viktigaste er at vikarbyrå skal vere fullverdige arbeidsgivarar og det skal etablerast gode rammer for bruk av innleigd arbeidskraft. Samtidig skal det innførast betre vilkår for innleigde arbeidstakarar gjennom prinsippet om likebehandling.

Unio meiner at det norske arbeidslivet skal byggjast med mest mogeleg faste og heile stillingar. Utviklinga mot stadig meir bruk av innleige byggjer ikkje opp under dette. Utvikling mot meir innleige er heller ikkje råd å sameine med dei eksisterande strukturane i den norske velferdsmodellen.

Tvert om vil ytterlegare vokster i innleigemarknaden medføre at færre blir tilsett hos primærarbeidsgivaren, dvs. der arbeidsoppgåvene faktisk er. Dette fører igjen til at fleire får ein lausare tilknytning til arbeidslivet og vil truleg generere både meir mellombels tilsetjing, deltid og ein viss grad av pulverisering av arbeidsgivaransvaret for den utleigde som må halde seg til både innleige- og utleigebedrifta. Utviklinga vi har sett i bemanningsbransjen støttar opp under dette synet.

Vi viser under dette punkt også til skildringa i høyringsnotatet frå Departementet pkt. 3, men særleg pkt 3.4. Her er det gjort greie for det ein veit om situasjonen i bemanningsbransjen. Fleire av dei identifiserte problema kan ikkje løysast ved å innføre likebehandlingsprinsippet åleine. Vi er såleis både skuffa og overraska over at Regjeringa ikkje nyttar høve til å vise vilje og handlekraft for å handtere utfordringane på ein føremålstenleg måte.

Etter direktivet, artikkel 4, skal det ikkje vere forbod mot eller restriksjonar på vikararbeid i EU/EØS, utan etter visse vilkår. Implementering av direktivet vil såleis føre til at Noreg

får eit anna handlingsrom og nye rammer for høvet til å regulere bruk av inn- og utleige av arbeidstakarar.

Departementet meiner at vikarbyrådirektivet ikkje hindrar vidareføring av det norske systemet kor det berre er høve til innleige når det også kan tilsettast mellombels etter arbeidsmiljølova eller tenestemannslova.

Unio er samd med Departementet på dette punktet. Dessutan meiner Unio at det både no og i framtida vil vere behov for ny og strammare regulering av innleige. Det er såleis svært uheldig at Regjeringa ikkje tar inn over seg dei grunnleggande problema innleige medfører og, utan analyse og visjonar, berre legg opp til å "klarere" gjeldande reglar for innleige i forhold til vikarbyrådirektivet.

Unio krev at Regjeringa gjer det heilt klart at den vil nytte handlingsrommet direktivet gir, og følgje opp med å regulere bruk av innleige. Sjå artikkel 4, 1. (dansk omsetjing):

"..... beskyttelse av vikaransatte og krav til sunhed og sikkerhed på arbeidsplassen eller i behovet for at sikre et velfungerende arbejdsmarked og forebygge misbrug"

Unio krev mellom anna at Regjeringa førebur tiltak i form av restriksjonar på innleige, td. tidsavgrensing, kvantitetsavgrensing, forbod i vise bransjar og yrke - alt etter modell frå andre EU-land som allereie har slike ordningar.

Unio støtter innføring av likebehandlingsprinsippet i arbeidsmiljølova uavhengig av korleis implementeringsspørsmålet blir handtert.

Unio er svært kritiske til forslaget om korleis likebehandlingsprinsippet skal innførast i tenestemannslova.

Det er større opning for mellombels tilsetting i staten, etter tenestemannslova, enn elles. Det er såleis også større opning for innleige der enn elles. Dette er uakseptabelt og Unio krev harmonisering av reglane slik at det blir same terskel for mellombels tilsetjing og innleige etter tenestemannslova som etter arbeidsmiljølova.

Unio kan ikkje støtte implementering av vikarbyrådirektivet utan at dei ovannemnde vilkåra blir oppfylt. Dette inneber nødvendig regulering og ein aktiv arbeidslivspolitik, herunder med tilstrekkelege ressursar til Arbeidstilsynet. Dersom krava ikkje vert innfridd meiner Unio at Noreg bør nytte reservasjonsretten og ikkje implementere direktivet.

Øvrige kommentarar

Minimumsdirektiv

Direktivet er eit minimumsdirektiv, Det vil seie at EU/EØS-statane kan gi arbeidstakarar betre vilkår, i både lov og tariffavtale, enn det som går fram av direktivet. Unio krev at Regjeringa nøye overvakar bemanningsbransjen og vurderar kontinuerleg behovet for ny arbeidarvernregulering.

Likebehandling

Implementering av vikarbyrådirektivet medfører innføring av eit ikkje-diskrimineringsprinsipp mellom ordinært tilsette og innleigde. Rett til lik lønn som andre i innleigebedrifta er av dei viktigaste forslaga. Lønnsomgrepet vil bli definert i forarbeida til lova.

Pensjonsrettar

Til spørsmålet om også pensjonsrettar skal gå inn under lønsomgrepet medgir departementet at argument for reell likebehandling tilseier det. Departementet foreslår likevel, i hovudsak av praktiske grunnar, at pensjon ikkje inngår i lønsomgrepet i lova. Det medfører innleigde i verste fall berre får lågaste nivå for obligatorisk tenestepensjon.

Unio meiner at sidan pensjonsrettar er ein vesentleg del av vederlaget for arbeid, må slike rettार omfattast av lønsomgrepet. Identisk pensjonsopptening for innleigde som for tilsette er imidlertid praktisk og rettsleg vanskeleg å få til. Men dersom likebehandlingsprinsippet skal bli ein realitet må innleigde arbeidstakarar ha krav på likeverdige pensjonsordningar. Unio meiner Regjeringa må tilpasse arbeidsmiljølova og pensjonslovgivinga slik at pensjonsrettar blir omfatta av lønsomgrepet.

Vi viser også til høyringsfråsegn av 30.09.10 frå Unio til Arbeidsdepartementet om: "Endring i forskrift om innkjøp i offentlege kontrakter". Unio gikk inn for at tilsette hjå verksemdar som tar oppdrag for offentlege bestillarar også skal ha pensjonsrettar som i det offentlege, ikkje berre løn.

Unio meiner elles at innføring av likebehandlingsprinsippet i norsk lov vil vere eit viktig tiltak for likebehandling i arbeidslivet. Det blir vonleg også eit effektivt og føremålstenleg tiltak mot sosial dumping generelt og i bemanningsbransjen spesielt.

Unntak frå likebehandling

Departementet foreslår å opne for unntak frå likebehandlingsprinsippet når det gjeld løn, men berre når det blir gjort tariffavtale om det i landsomfattande tariffavtale.

Direktivet krev ikkje at nasjonalstatane innfører slike unntak, men tariffavtalar om unntak frå likebehandling av løn er fornuftig og akseptabelt. Det er partane i arbeidslivet som har ansvar for lønsforhold og det er naturleg at det er slik også for løna i vikarbyrå og bemanningsbransjen.

Unio støtaer ikkje forslaget om unntak i landsomfattande tariffavtalar. Forslaget inneber at alle fagforeiningar som organiserer medlemmer nasjonalt kan gjere slike unntak, også dei aller minste.

Unio har tidlegare gått inn for at vesentlege unntak frå vernereglane om arbeidstid i arbeidsmiljølova berre skal kunne gjerast i ht. aml. § 10-12 (4) av fagforeining med "innstillingsrett", det er fagforeiningar med meir enn 10.000 tilsette, i staten berre av hovudsammenslutningar.

Unio meiner at også unntak frå likebehandlingsprinsippet bør avgrensast til få og heilt nødvendige tilfelle. Det bør såleis berre vere aktuelt når store og representative fagforeiningar går inn for det.

Unio meiner for øvrig at tariffavtalar for å avgrense bruk av innleigde framleis skal vere tillatt.

Innsynsrett

Departementet meiner at tillitsvalde hos innleigar skal ha rett til dokumentasjon på at innleigde arbeidstakarar får vilkår etter likebehandlingsprinsippet. Unio støttar dette, men det er sjølvsaugt ikkje nok til å gi effektiv kontroll av likebehandling i praksis. Krav til utveksling av opplysningar må gjelde mellom utleige- og innleigebedrifta og mellom tillitsvalgte og arbeidsgivar i vikarbyrået.

Dei nye reglane om drøfting av behovet for mellombels tilsetjing i aml. § 14-9 (1) andre ledd må dessutan omfatte både mellombels tilsetjing og innleige.

Kontroll og tilsyn i bemanningsbransjen

Unio er uroa over utviklinga i bemanningsbransjen. Det er stor vekst i bransjen og deler av bransjen er useriøs. Etter det vi erfarar er dessutan svært mange der tilsett mellombels.

Unio krever at Regjeringa tar nødvendige skritt for å rydde opp i bemanningsbransjen og gir pålegg og ressursar til mellom anna Arbeidstilsynet for å sørge for seriøs verksemd generelt og praktisering av likebehandlingsprinsippet spesielt.

Særlover om mellombels tilsetjing.

Departementet har ikkje gjort greie for gjeldande rett når det gjelder forholdet mellom mellombels tilsetjing etter særlover og høvet til å nytte innleigd arbeidskraft. Unio understreker at det er særst viktige å halde på det grunnleggande kravet om kvalifisert personale i skulen.

Vennlig hilsen
Unio



Ingjerd Hovdenakk
Sekretariatsjef

Jon Olav Bjergene
Advokat